

Til: Instituttstyret

Fra: Instituttleiar

---

Sakstype: D-sak

Møtesaksnr.: D-1

Møtenr.: 2/2014

Møtedato: 31.03.14

Notatdato: 21.03.14

Arkivsaksnr.:

Saksbehandler: JANUN

---

## **Evaluering av samlingane som er utvikla ved fagmiljøa i leksikografi og namnegransking ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium**

### **Bakgrunn**

Hausten 2013 oppretta instituttleiar ved ILN ei arbeidsgruppe med mandat å gjennomføre ei evaluering av samlingane som er utvikla ved fagmiljøa i leksikografi og namnegransking ved instituttet. Arbeidsgruppa skulle svare på følgjande tre spørsmål:

- Kva verdi representerer samlingane for forskning innanfor instituttets fagområde?
- Kva verdi representerer samlingane for undervisning innanfor instituttets fagområde, på alle nivå frå bachelor til ph.d.?
- I kva grad blir samlingane faktisk brukte innanfor forskning og undervisning på instituttet sine fagområde i dag?

Arbeidsgruppa har slutført arbeidet og levert en rapport som med dette blir lagt fram for instituttstyret som diskusjonssak.

### **Hovedkonklusjonar i rapporten**

Av rapporten går det fram at samlingane ved ILN har verdi både forskingsmessig og undervisningsmessig. Gruppa konkluderer at det vil krevje betydelege ressursar i form av tilsette og driftsmidlar å vidareutvikle og drifte samlingane.

### **Instituttleiars vurdering**

Instituttleiars vurdering er at dette er ressursar instituttet i dag ikkje rår over. Vidare er det slik at Lov om universiteter og høgskuler, §1-1, slår fast at dei sentrale oppgåvene skal vere utdanning, forskning og formidling. Ut frå desse to punkta, er det vanskeleg å sjå korleis ILN kan ta vare på og vidareutvikle samlingane i framtida



Vedlegg: Rapport frå arbeidsgruppa som har evaluert samlingane som er utvikla ved fagmiljø i leksikografi og namnegransking ved ILN